

Retningslinjer for Sogn og Fjordane Turlag si valnemnd

Valnemnda skal utarbeide ei innstilling til årsmøtet når det gjeld val av leiar og medlemmer til styret og utval. Valnemnda skal følge desse retningslinjene:

1. Det skal leggjast vekt på å få dyktige og innsiktsfulle personar med erfaring og kjennskap til turistforeningsarbeid. Kandidatane må vere villige til å bruke tilstrekkeleg tid til styrearbeid og komitéarbeid.
2. Det bør prøvast å få ei rimeleg geografisk fordeling av styremedlem og ei rimeleg fordeling mellom kvinner og menn i styret.
3. Vidare er det ynskjeleg å ha med personar med brei samfunnskontakt. Den samlande kompetanse må tilfredsstillende dei behov foreininga har.
4. Kandidatar som blir innstilt av valnemnda må vere medlem av DNT og arbeide i tråd med DNT sine verdiar. Tilsette i Sogn og Fjordane Turlag skal ikkje innstillast til val til styret eller komitéar. Tidlegare tilsette i medlemsforeiningane eller DNT sentralt kan innstillast til val.
5. Eit styremedlem bør ikkje innstillast til attval meir enn to gonger. Eit styremedlem kan likevel innstillast som leiarkandidat eller leiaren kan innstillast til attval som leiar, slik at funksjonstida som leiar kan verte inntil seks år. Dette kjem i tillegg til leiaren eventuelle tidlegare funksjonstid som vanleg styremedlem. Unntak frå reglane i første og andre ledd kan gjerast når valnemnda finn at omsynet til foreininga sitt behov, vedkommande styremedlem sine kvalifikasjonar eller innsats i styrearbeidet talar for at vedkommande bør tenestegjere i meir enn seks år.
6. For utvala gjeld same retningslinjer som i punkt 5. Leiar vert vald for 1. år og utvalsmedlemer for to år.
7. Dersom eit medlem eller varamedlem i valnemnda blir foreslått til styret, må vedkommande trekkje seg frå vidare arbeid i valnemnda.
8. Medlemer i valnemnda vert valde for 3 år. 1. året som medlem, 2. året som nestleiar og 3. året som leiar.
9. Valnemnda skal innan 1. november sende ut til alle lokallaga ein oversikt over kven som er på val og be om innspel på kandidatar til styret og utval. Valnemnda må ha samtale med styret sine medlemmer for å kartlegge styret sitt samarbeid og kompetanse. Valnemnda si innstilling skal sendast ut saman med årsmøtesakene (14 dagar før) eller ettersendast i god tid før årsmøtet.